


Følte seg som eit «levande lik», og tok med steinar i lommen då han måtte reisa til Amerika

Jørgen Bjørnson Eikeland (1809-1888) blei og kalla Jøren, og han overtok farsgarden på Eikeland, medan brørne Halvar og Kjetil reiste til Amerika alt i 1849 og 1851. Han vart med i det første kommunestyre i Bjerkreim i 1838 og var med i dette styret i 18 år, 6 av dei som varaordførar. Jøren var og det som var kalla «prestens medhjelpar». Det er sagt at han arbeidde så mykje i ulike verv, at det gjekk ut over gardsdrifta. Han hadde lånt pengar av søstera Valborg i Austrumdal, og då ho kravde pengane, måtte han ta den tunge slutninga å reisa til Amerika, og han reiste den 8. april 1871, 63 år gamal. Kona Berte Toresdotter frå Holmen og 4 barn var med. Eldste dottera Jøren hadde reist 9 år tidlegare og ønska familien velkomne til USA.



Jøren tykte det var fælt å måtta reisa frå Eikeland, og det er sagt at han tok med seg steinar frå Eikeland i lomma. Nokon har og sagt at han tok med seg mold i lommane. Då han reiste, møtte han Elling Hegelstad på vegen og sa då til han: «Har du sett dei har drege eit levande lik frå garden før?». Slik følte Jøren seg nå.

Jøren og familien busette seg i Houston County i Minnesota der dottera Jøren og familien budde. Brødrene Kjetil og Halvar budde og i nærleiken. I eit brev til si «*Kiære Syster*» 2. januar 1876, (han blei ikkje uvenn med Valborg som kravde pengane tilbake) skriv han mellom anna: «*Jeg sendte brevet ditt, om våres Kiære Moders dødelige afgang, til våre brødre Halvor og Kiedil saa snart eg hadde læst det. Aarsagen til at de ikke skrive til Norge ved ieg ikke; men Halvor lengter saa tilbage til Norge at han er nesten verre en ieg. Ieg med kone og Børn leve alle vel med sundhed: og ieg befinder mig nu meget bedre. Vi haver et pent Huus for os selv, og egen Huusholdning, have 2 Kiør, 2 Oxe 4 Griser og 8 Høns. En Kierlig hilsen til Eder alle Kiere Slektninger!*»


Sonen Tor kalla seg Thor Bensen i USA, og utdanna seg til jurist og budde i Chicago. Han var demokratisk kongresskandidat, han engasjerte seg i Bjerkreimlaget i USA og han var på besøk i Bjerkreim i 1891. To oldebarn til Jøren, Stella Andersen og Almeda Fossum var på besøk hjå firmenningar i Bjerkreim i 1980 og 1986.



F.v. Stella Anderson, Almeda Fossum (nr.3 frå venstre) saman med firmenningane Ida Holmen, Hans Holmen og Valbjørg Spødervold. Bilete er teke i 1986.

Fekk pengar sendt frå Bjordal til Chicago i 1863

Blant dei ti første som reiste frå Bjerkreim til USA, var søskena Johannes, Hans Tobias og Serina Gemalie frå Austrumdal. (Sjå bilete under). Dei var barna til Maurits Halvarson og Ingeborg Aadnesdotter Austrumdal, og reiste 20. april 1850. Johannes som var fødd i 1823, hadde då budd i London ei tid. Det var og andre Bjerkreimbuar i London på den tida, mellom anna søstrene Helene og Inger Mortensdtr. Espeland. Hans Tobias var fødd i 1826 og vart gift i Chicago med Bjerkreimsjenta Guri Enoksdotter Solberg. Dei fekk 10 barn og han var først politi og seinare postmann og døydd i 1910. Serina Gamalie gifta seg i USA med Jacob Birkeland frå Sokndal, og døydd i 1909, 79 år gamal.



Mora Ingeborg Aadnesdotter (sjå bilete til høgre) vart enke i 1836, bare 44 år gamal, og gifta seg på ny med Sven Tjølson Ivesdal. Det vart sagt at ho var så glad i mannen at «hun bare måtte se på sin vakre Sven». Likevel reiste ho frå han og til USA i 1852, for ho bare måtte sjå att barna sine. I eit brev til si svigerdotter Valborg Austrumdal i 1866 skriv ho at ho skulle ønska å koma heim til Norge, men det var vanskeleg å få plass på ein båt ho hadde spurt. Det var då «Asiatisk Colera» i byen som kravde mange offer og som ho var redd for. Ho døydd i Chicago 22. november 1867, 75 år gamal.



Den 20. september 1863 skriv Hans Tobias til sin «*Kiære Broder Halvor Mauritzson*» at hans bror Johannes hadde vore sjuk og døydd. Han skriv vidare at «*for øvrig har vi meget gode tider nu, og saa beder jeg dig at du vil helse til store Ole Bjordal og sige ham saa mange tak for de Penge som han sendte mig og Johannes. Jeg haver heller ønsket at havde givet dem til fatige i Norge, efter som han intet skylder os og vi heler ikkje nødvendig tiltrang dem. Men siden han saa vilde have det, saa tilsender jeg ham vores hjerteligste Tak for han Æresbevisning. Hils Ole at de Penge han sendte Johannes bleve brugte til at kjøbe hans Lig kleder for. Johannes efterlod sig 4 børn som er temmelig godt forsørgede. Moder er nærværende hos mig nu*»

Store Ole Bjordal sin bror Rasmus Bjordal var gift med halvsøster til brørne i USA. Så kan ein lura på kvifor Ole på ein av 5 små gardsbruk i «litle» Bjordal, sendte pengar til sin svigerinne sine halvbrørne i USA, når dei i tillegg ikkje hadde bruk for dei?

Traff naboguten i Chicago og gifta seg, men døydde året etter på «barnseng»

Alette Tønnesdotter Hovland blei fødd 16. desember 1854 på Hovland i Ørsdalen som den eldste i ein barneflokk på sju. Mora Anna hadde hatt ein spesiell oppvekst. Ho vart morlaus på fødselsdagen sin og 12 år seinare døydde og faren. Då Anna var 16 år gamal døydde også mormora, og ho var att utan nære slektningar. Året etter gifta Anna seg, bare 17 år gamal, med gardsguten og søskenbarnet sitt Tønnes frå Hytland, og dei overtok garden.

Då Alette var 16 år, ramma ulukka familien att, då broren Ole falt ned av ei fjellhülle like ved garden og omkom bare 13 år gamal. Etter dette var det vondt for foreldra å sitja å sjå på denne fjellhylla kvar dag, og i 1877 klarte dei det ikkje lenger, dei selde garden og flytte til eit søskenbarn som budde på garden Toften i Helleland.

På same tida reiste Alette til Amerika, og kom etter kvart til Chicago. Der møtte ho Jonas Mauritsen frå nabogarden Bjordal, som hadde kome til USA i april 1880 via Bremen. Kanskje Jonas og Alette hadde hatt eit godt auga til kvarandre før dei reiste? - Den 19. august 1881 gifta dei seg så i Bethania Church i Chicago, og sende brurebilete heim, sjå bilete ovafor. Men vel eit år seinare, den 14. oktober ramma ulukka igjen. Alette døydde 27 år gamal på barnseng, akkurat slik bestemora gjorde 49 år tidlegare. Ein kjenner ikkje til korleis det gjekk med barnet, men dato for bryllup og dødsdato har ein nyleg fått frå ei intressentgruppe på internett i USA, så kanskje kan det koma meir info. Då Alette gifta seg var namnet Alletta Tunnesen og då ho døydde Alette Monsen. Jonas gifta seg på ny seinare med ei Sigrid og fekk dottera Sina.

Kven er Alette sine slektningar i dag? Søstera Karen gifta seg med Elling Hegelstad og ho vart mi oldemor. Broren Karl gifta seg med Abigael Bråдли. Dermed er alle med etternamn Spødervold og Bråдли blant dei som er mest i slektskap med Alette.

Per Spødervold

